

## Saksprotokoll i Fylkestinget - 15.12.2020

**Hanne Eva Kristensen (H)** reiste spørsmål kring eiga habilitet då ho er styremedlem i Trivselshagen IKS. Fylkestinget vedtok samrøystes at Kristensen var ugild til å ta del i saksbehandlinga, jf. forvaltningslova § 6 (1) bokstav e nr. 2. Kristensen deltok ikkje i saksbehandlinga.

**Sigurd Reksnes (Sp)** reiste spørsmål kring eiga habilitet då han er styremedlem i Trivselshagen IKS. Fylkestinget vedtok samrøystes at Reksnes var ugild til å ta del i saksbehandlinga, jf. forvaltningslova § 6 (1) bokstav e nr. 2. Reksnes deltok ikkje i saksbehandlinga.

### Avrøysting

Det var 63 medlemmer til stades.  
Innstillinga vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Fylkestinget sluttar seg til Trivselshagen IKS sitt framlegg til ny selskapsavtale, jf. vedlegg 1.
2. Fylkestinget sluttar seg til framlegg til ny leigeavtale mellom Trivselshagen IKS og Vestland fylkeskommune, jf. vedlegg 2.
3. Fylkestinget føreset at Gloppen kommunestyre gjer tilsvarande vedtak i saka.
4. Fylkestinget legg til grunn at årleg kostnad med leigeavtalen er om lag 6,6 mill. kr eks mva. for Vestland fylkeskommune og at denne vert dekkja innafor budsjettet til Egedomsavdelinga.